

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Teams
Dato: 25.03.2022
Tidspunkt: 10:00 – 12:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Karoline Bjerkeset	Leiar	Gloppen
Marius Dalin	Nestleiar	Sunnfjord
Trude Brosvik	Medlem	Vestland

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/22	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 1/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 1/2022		2019/4183
RS 2/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - referatsak om informasjonsskilt rundt verneområdet		2019/4183
ST 3/22	Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om å føre opp markalade i Byrkjeneset - Hyen Natur og Friluft		2022/4346
ST 4/22	Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om å få køyre kjentmannstur i april 2022 - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps		2020/2806
ST 5/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidlar for 2022		2019/4173
ST 6/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - møteplan for 2022		2019/2581
ST 7/22	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan		2022/4348
ST 8/22	Eventuelt		

ST 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.03.2022

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 2/22 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.03.2022

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå styremøte 3/2021 vert signert

Vedtak

Protokoll vert signert på neste fysiske møte

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	1/22	25.03.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 1/2022

Delegerte vedtak

Håkon Hjelle Roset har fått løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport av material og inventar til hytte.

Mardal og Fitje sankelag har fått utvida periode for kjøring av saltstein, slik at dei fekk utnytte gode snøforhold i februar.

Årsrapport

Verneområdeforvaltar skreiv før nyttår ein årsrapport eller ei årsmelding, som vart lagt ut på nettsidene til styret. Det er ikkje krav om å gjere det, men det har blitt ein vane for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen.

Sverre Sæten i SNO skreiv og sin årsrapport før jul. Begge ligg vedlagt til sakspapira.

Naturoppsyn

Rune Holen er tilbake som naturoppsyn for Naustdal-Gjengedal LVO, etter å ha jobba med prosjektarbeid i to år. Engasjementet til Sverre Sæten vart avslutta ved nyttår.

Flytting av forvaltningsknutepunktet

Forvaltningsknutepunktet vert flytta. Vi kjem til å flytte kontorplassane til verneområdeforvaltar for Naustdal-Gjengedal/Ålfotbreen, nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen og naturoppsynet, til Kraftbygget på Sandane. Eit høveleg lokale vert no pussa opp og tilpassa våre behov.

Korona

Pandemien går forhåpentlegvis mot slutten, men vi må framleis tilpasse oss situasjonen til ei kvar tid. Vi følgjer føringane som resten av dei tilsette hos Statsforvaltaren. Det betyr at vi hovudsakleg sat på heimekontor i desember og januar, men sidan det har vi stort sett jobba som normalt.

Driftsmidlar

Verneområdestyret har fått 95.000 til drift av styret i 2022.

Forvaltar er blitt sekretær for Villreinnemnda

Verneområdeforvaltaren har fått ei ny oppgåve hos Statsforvaltaren, nemleg å vere sekretær for Villreinnemnda for Sogn og Fjordane. Det er interne disponeringar av ressursar og kompetanse hjå SFVL som ligg bak. Dette er klarert med styreleiar. Eventuelle habilitetsutfordringar i samband med saker i Naustdal-Gjengedal/Førdefjella villreinområdet er vi førebudde på hos SFVL og det vil verte handtert internt med andre ressursar.

Vedtak

Styret tok orienteringssakene til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	2/22	25.03.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - referatsak om informasjonsskilt rundt verneområdet

Dokument i saka:

- Kart som syner informasjonsskilt og -tavler rundt Naustdal-Gjengedal LVO

I styremøte 3/2021 ba styret om å få ei oversikt eller orientering om informasjonsskilt rundt Naustdal-Gjengedal og kor dei er sett opp. Vedlagt til sakspapira ligg eit kartutsnitt som syner kor desse står. Vi har tre typar skilt. For å skilje dei so kan vi kalle dei for portalskilt, infoskilt og infotavler.

Portalskilt er store skilt i cortenstål som er laga i tråd med designmanualen. Her er det lite innhald, her er berre ei ramme som ein kan sjå gjennom, namn og logo. **Infoskilt** er og store skilt i cortenstål, men desse har ein plakat med kart og tekst på. Desse er og laga heilt i tråd med designmanualen. Plakaten er laga av grafisk designar. Skilta i cortenstål er tunge, dyre og krev solid fundament. På biletet under står infoskilt til venstre og portalskilt til høgre. Desse står i Sandane sentrum. Vi har sett opp to slike «sett», altso totalt 2 infoskilt og 2 portalskilt. Det andre settet står ved E39 ved Årdal på Jølster.



Vi har og ein annan type som vi har valt å kalle **infotavle**. Det vart sett opp ei rekke slike tavler/rammer i tre med plakat på rundt 2010. Det vart sett opp 12 tavler i innfallsportane til Naustdal-Gjengedal, og i tillegg vart ein plakat montert på stein og ein på husvegg. Både trerammer og tavlene som vart slitne, og vi føretok ei «oppussing» i 2020. Vi beisa trerammene og so bytte vi ut plakaten. Desse plakatane har same innhald som på infoskilta som er omtalt over her, men plakaten er i liggande format.



All oppsetting av nye skilt/tavler skal vere i tråd med designmanualen. Der er det fleire modellar, so det treng ikkje automatisk å vere dei største, tyngste og dyraste. Vi fekk godkjenning frå Miljødirektoratet til å pusse opp og halde ved like dei gamle rammene so lenge dei ser nokolunde greie ut. Dette vart gjort til veldig låg kostnad.

Vedtak

Styret tok orienteringa til vitande

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/22	25.03.2022

Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om å føre opp markalade i Byrkjeneset - Hyen Natur og Friluft

Vedtak

Hyen Natur og Friluft får løyve til å føre opp ei markalade i villmarkscampen på Byrkjeneset, som erstatning for gapahuken som skal rivast. Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Den gamle gapahuken skal rivast og alle restar av den skal fjernast.
- Markalada skal førast opp i tråd med teikningar vedlagt søknaden. Bygget skal vere maks 10 m² i grunnflate og ikkje vere høgare enn 3,3 m oppe på mønet.
- Markalada skal byggast med tradisjonell grindverksteknikk i tråd med lokal byggeskikk.
- Markalada skal ha torvtak, slakk takvinkel og ståande kledning. Kledinga skal ikkje overflatebehandlast.
- Markalada skal plasserast på det inngjerda området som utgjer Villmarksleiren.
- Markalada skal ha enkel fundamentering utan betong eller maskinell opparbeiding.
- Byggearbeidet skal vere ferdig innan 2023.
- Maksimalt halvparten av bygget skal vere låst. Den ulåste delen skal vere open for ålmenta og det må kome klart fram at leiren er open for allmenn bruk.
- Alt avfall og restar skal fjernast. Rein treverk kan brennast eller nyttast som ved i leiren.
- Når arbeidet er ferdig skal det dokumenterast med bilete eller synfaring.

Innstilling frå forvaltar

Hyen Natur og Friluft får løyve til å føre opp ei markalade i villmarkscampen på Byrkjeneset, som erstatning for gapahuken som skal rivast. Løyvet vert gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Den gamle gapahuken skal rivast og alle restar av den skal fjernast.
- Markalada skal førast opp i tråd med teikningar vedlagt søknaden. Bygget skal vere maks 3 x 3 m i grunnflate og ikkje vere høgare enn 3,3 m oppe på mønet.
- Markalada skal ha torvtak, slakk takvinkel og ståande kledning.
- Markalada skal plasserast på det inngjerda området som utgjør Villmarksleiren.
- Markalada skal ha enkel fundamentering utan betong eller maskinell opparbeiding.
- Byggearbeidet skal vere ferdig innan 2023.
- Alt avfall og restar skal fjernast. Rein treverk kan brennast eller nyttast som ved i leiren.
- Når arbeidet er ferdig skal det dokumenterast med bilete eller synfaring.

Saksutgreiing

Dokument i saka

- Søknad om å sette opp nytt bygg
- Skisse av grindverksbygg
- Kartutsnitt
- Bilete frå Villmarksleiren i Byrkjeneset

Søknaden

Hyen Natur og Friluft har i om lag 20 år disponert eit areal på gbnr 19/4 på Byrkjeneset ved Storevatnet i Gjengedalen. Her er det eit inngjerda område med bål plass, bord, benkar og plass til å sette opp lavvo. Inne på området står det og ein gapahuk som fungerer som lager og til matlaging. Utanfor det inngjerda området står det og ein utedo. Alt dette vart sett opp på staden før området vart verna. Hyen Natur og Friluft har tidlegare drive kommersielt med organiserte overnattingsturar til Byrkjeneset, og utleige av utstyr. Dei siste åra har her ikkje vore kommersiell drift, og leiren har vore open for allmenn bruk.

Tilstanden på særleg gjerde og gapahuken har blitt dårleg dei siste åra, og eigar av Hyen Natur og Friluft ønskjer å ruste opp leiren. Han har fått støtte frå Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal til å ruste opp både gjerdet og gapahuken. Føremålet er å både ha eit betre produkt å leige ut, men og å ha eit betre tilbod for ålmenta. Leiren skal vere open for ålmenta, men noko utstyr og fasilitetar skal leigast ut.

Hyen Natur og Friluft søker derfor om å erstatte det gamle gapahukbygget og erstatte det med eit nytt grindverksbygg likt ei tradisjonell utmarksplade. Det gamle bygget er bygd som gapahuk

med god takhøgde, skråtak, open front og delvis opne sideveggar. Gapahuken er på om lag 6 m² i grunnflate. Det nye bygget det vert søkt om skal vere 3 x 3 meter i grunnflate og om lag 3 meter høgde opp i mønet. Den inste delen av bygget skal vere eit låsbart rom der utstyr til utleige kan låsast inn. Den andre halvdelan skal vere opent for ålmenta.

Regelverk

Sidan det her er snakk om å fjerne eit eksisterande bygg og sette opp eit heilt nytt bygg til erstatning med ei noko anna plassering, so må saka handsamast som søknad om å føre opp eit nytt bygg. I følgje verneforskrifta § 3 pkt. 1.1 so er oppføring av bygningar i utgangspunktet ikkje lov. I verneforskrifta er det lista opp nokre vilkår og tilfelle der ein kan gje løyve til å føre opp nye bygg, men denne saka fell ikkje inn under nokon av dei.

Saka må derfor handsamast etter naturmangfaldlova (nml) § 48. Det er første ledd (mi understreking) som er aktuell å bruke der.

§ 48. (dispensasjon fra vernevedtak)

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I saker som skal handsamast etter denne paragrafen, so må ein først vurdere om vilkåret for å bruke paragrafen er oppfylt. Altso om vedtaket er i strid med verneføremål eller kan påvirke verneverdiar nemneverdig, eller ikkje. Dersom ein konkluderer med at paragrafen kan brukast, må ein deretter gjere ei skjønsmessig og fagleg vurdering om det er tilrådeleg å gje løyve slik det er søkt om.

I alle saker som kan verke inn på naturmiljøet skal tiltaket, jamfør nml § 7, vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml § 8-12.

Søkjjar er sjølv ansvarleg for eventuelle løyve frå grunneigar og kommune, dersom det er naudsynt.

Vurdering

Vi må altso først vurdere om tiltaket er i strid med verneføremål eller kan verke nemneverdig inn på verneverdiane. Då må vi sjå til verneføremålet for Naustdal-Gjengedal, som står i § 2 i verneforskrifta:

§ 2. Formål


Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Her er det lagt vekk på både at området er so godt som fritt for tekniske inngrep, og at ein skal ta vare på kulturlandskap, kulturminne og legge til rette for tradisjonelt friluftsliv. Det å føre opp ein bygning som har form og utsjånad til ei tradisjonell utmarkslade, som erstatning for ein annan bygning, kan ikkje seiast å vere eit tungt inngrep. Det er heller ikkje negativt for kulturlandskapet og det bygget som skal fjernast har ingen kulturhistorisk verdi. Her er heller ikkje verneverdiar på Byrkjeneset som vert påverka av tiltaket. Vilråra for å gje ein eventuell dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 første ledd er altså oppfylt.

Det må likevel gjerast ei fagleg og skjønsmessig vurdering om det er tilrådeleg å gje eit slikt løyve. Der er det mange moment som må vurderast. Mellom anna må ein vurdere kva som er føremålet med tiltaket, og om det er i tråd med regelverk, forvaltningspraksis og politiske føringar. Føremålet med å sette opp bygget er å erstatte den gapahuken som står der i dag. Den har stått i om lag 20 år, den er ikkje i tråd med lokal byggeskikk og den er ikkje tenleg til dei behova som både Hyen Natur og Friluft (HNF) og ålmenta har i Byrkjeneset. Det planlagde grindverksbygget vil gje HNF mogelegheit til å lagre og låse inn utstyr som dei brukar i drifta si. Det vert og høve til å søke ly for ålmenta. Soleis vert det planlagde bygget meir tenleg både for eigar og for ålmenta.

Nokre vil kanskje stille spørsmål om det er riktig å legge til rette for kommersiell drift inne i eit verneområde. Gjeldande forvaltningspraksis og politiske føringar seier at det ikkje er noko i vegen for kommersiell verksemd i verna natur so lenge verksemda ikkje er i strid med verneføremål, verneverdiar eller er til skade på naturmiljøet. Det at tiltaket er knytt til kommersiell verksemd skal soleis ikkje ha noko å seie for handsaminga av søknaden.

Estetisk sett og med tanke på tradisjonell byggeskikk vil tiltaket vere ei forbetring, so lenge gapahuken som står der i dag vert heilt fjerna. Gapahuken er ikkje eit tradisjonelt bygg og er dessutan noko prega av slitasje og lite bruk og vedlikehald siste åra. Når nytteverdien i tillegg er låg, so vil det isolert sett vere positivt om den vert fjerna. Det bygget som er søkt om å føre opp er ein modell av ei gammal «markalade» eller utmarkslade i grindverk. Det er ein type bygg som var sær vanleg tidlegare. Desse ladene vart nytta til å lagre dyrefor som vart slått eller hausta i utmarka om sommaren, fram til det kunne køyrast til gards, oftast med hest og slede på snøføre. Slike stod det mange av i området. Ein del står enno, eller ein kan sjå spor og restar etter dei. Dette bygget vil definitivt vere mykje meir i tråd med tradisjonell og lokal byggeskikk enn gapahuken som står der i dag. Ei handteikna skisse av markalada kan du sjå under her.



Markalada er på 3 x 3 meter, altså totalt 9 m² grunnflate. Gapahuken som står der i dag er ein del mindre. Gapahuken dekkjer om lag 6 m² dersom vi tek med takstikka som er ganske store på ein slik gapahuk (sjå bilete). Det bygde arealet vil altså auke med 3 m², eller 50 %. Både med tanke på behovet og bruken av markalada, og ikkje minst med tanke på det bygningstekniske, er det truleg vanskeleg å bygge markalada noko særleg mindre enn dei 9 m² det er snakk om. Det er framleis eit veldig lite bygg, sjølv om det er større enn gapahuken.



Generelt sett er det eit mål å unngå nedbygging av verneområdet. Det inneber at både det å auke tal på bygningar og storleik på desse er noko ein prøver å unngå. Ein må likevel sjå dette i ein heilskap og ikkje berre sjå på kvadratmeter. Alt i alt er det etter mi vurdering positivt for Byrkjeneset om gapahuken vert bytta ut med ei meir tradisjonell og funksjonell markalade, til tross for at den er litt større.

Det er søkt om å flytte gapahuken, altså bygge opp den nye på ein litt annan plass enn den gamle står i dag. Den tenkte plasseringa er innanfor det inngjerda området som utgjer sjølve leiren, men litt lenger inne på området. Etter forvaltar si vurdering so har plasseringa av bygget lite å bety for saka, so lenge det er innanfor det inngjerda området som allereie er «påverka» av villmarksleiren.

Bygget skal først opp som ei tradisjonell «markalade». Søkjar har lagt ved skisse som syner bygget. Skissa er ganske enkel, den er ikkje målsett og ikkje veldig detaljert. Men det er kanskje og ein del av tradisjonen. Dette er ein type bygg som tradisjonelt sett truleg ikkje har hatt veldig detaljerte teikningar. Vi må likevel sette nokre rammer og krav til kva korleis bygget skal sjå ut og ikkje minst korleis det ikkje skal sjå ut.

I følge søknaden og opplysningar frå søkar skal bygget vere på inntil 3 x 3 m, og om lag 3 m høgt. Grunnflate og høgde bør definerast i vilkåra til eit eventuelt løyve. Ut i frå teikningane skal markalada vere eit tradisjonelt grindverk med torvtak, ståande kledning og utan vindauge. Det kan vere glugge i bygget, men ikkje vindauge med glasrute. Takvinkelen bør ikkje vere for bratt, det vil den nok uansett ikkje vere på eit torvtak.

I bygge- og inngrepssaker er det alltid viktig å vurdere presedensverknaden av eit vedtak. Likebehandling er viktig i forvaltninga, so dersom ein gjev løyve til eitt tiltak so må andre kunne forvente å få løyve i liknande tilfelle seinare. Ein uheldig presedens av eit vedtak vil kunne føre til ei uønskt utvikling og utbygging som kan gå ut over verneverdiane. I denne saka er det snakk om å rive ein liten bygning og erstatte den med noko betre, sjølv om den er litt større. Verknaden av tiltaket er derfor positiv og ein eventuell presedens er derfor ikkje problematisk.

Grunneigar og grunneigarlag har fått saka tilsendt til orientering og eventuelle innspel. Fylkeskommunen har og fått saka tilsendt for å eventuelt vurdere byggeskikk. I skrivande stund har det ikkje kome inn merknader til saka.

Byrkjeneset er ein stad kor forvaltninga er godt kjent. Vi har hatt fleire tiltak, synfaringar og turar til Byrkjeneset. Det meste av Byrkjeneset er registrert som naturtype «Bjørkeskog med høgstauder» i Naturbase, med verdi «C – lokalt viktig». I skildringa av naturtypen står det lite om skjøtsel og omsyn, men det vert rådd frå å gjere inngrep i lokaliteten. Sidan det er snakk om å flytte eit lite bygg inne på det inngjerda området, utan graving eller anna fundamentering, so ser vi ikkje på dette som eit problematisk «inngrep» for naturtypen. Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml §8) er godt.

Jamfør naturmangfaldlova § 10 skal ein vurdere den samla belastinga av eit tiltak og i tillegg den samla belastinga av framtidige tiltak og effektar som kan kome som følgje av tiltaket (presedens). Som det allereie er peika på so vurderer eg ikkje tiltaket til å vere negativt for naturmiljøet i seg sjølv, og ein eventuell presedens som vert skapt av eit løyve her vert ikkje vurdert til å vere negativ. Den samla belastinga av bygningar i området er særst låg. Her er få bygningar.

Jamfør nml § 12 skal mest skånsame metodar og lokalisering velgast. So lenge det nye bygget vert liggande innanfor det inngjerda området so vil ikkje plasseringa der ha særleg mykje å seie for naturmiljøet. Oppsetting av stavbygg på steinar og utan annan fundamentering er den mest skånsame metoden for eit slikt bygg.

Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje relevante i saka.

Alt i alt vurderer forvaltaren dette til å vere eit ganske positivt tiltak. Ein tek vekk noko som er slitt og dårleg og erstattar det med noko som både er meir estetisk, meir tradisjonelt og meir tenleg. Og det utan at eg kan sjå at dette vil ha nokon negative verknader.

Teikninga er noko enkel, og gjev litt rom for tolking. Det bør derfor settast nokre vilkår i eit løyve slik at ein er trygg på at bygginga skjer innanfor rimelege rammer for eit slikt bygg.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/22	25.03.2022

Naustdal-Gjengedal LVO - Søknad om å få køyre kjentmannstur i april 2022 - Naustdal Røde Kors Hjelpekorps

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknaden om å køyre kjentmannstur til Longevasshytta etter 1.april.

Innstilling frå forvaltar

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre avslår søknaden om å køyre kjentmannstur til Longevasshytta etter 1.april.

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om å få køyre sein kjentmannstur i april frå Naustdal RKH
- Gjeldande løyve for kjentmannskøyring
- Øvingsplan for Naustdal RKH
- E-post frå politiet

Bakgrunn

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps (NRKH) har løyve til å drive kjentmannskøyring i tråd med øvingsplan, i åra 2020-2023. Eit av vilkåra der er at turen Vonavatnet - Longevasshytta ikkje skal køyrast etter 1.april, av omsyn til villrein. I år er det sein påske, og palmesøndag er 10.april. Då skal Indre Sunnfjord turlag arrangere den tradisjonsrike turen frå Årdal i Jølster til Nes i Naustdal som i stor grad følgjer den traseen der NRKH har kjentmannstur.

Søknaden

Naustdal Røde Kors Hjelpekorps søker om å få køyre kjentmannsturen til Longevasshytta i veke 14 (4.-10.april) no i 2022. Dette for å gjere seg kjend med snø- og isforhold so tett som råd opp mot turlagsturen, som kan ha opp mot 150-200 deltakarar. Politiet har godkjent at kjentmannsturen kan køyrast fram mot palmesøndag i dei åra palmehelga er i april.

Regelverk

Regelverket og heimelsgrunnlaget for kjentmannskøyringa er greia ut tidlegare i samband med det opphævelege løyvet som ligg vedlagt. Det vil vere det same no.

Vurdering

Dei overordna vurderingane kring løyve til kjentmannskøyring og vurderingar kring verknad på naturmiljøet er vurdert i det opphævelege løyvet (sjå vedlagt løyve). Her må vi fokusere på det som gjeld denne søknaden, om det skal opnast for å køyre kjentmannstur i april no i 2022.

Behovet for kjentmannskøyring og ønskje om å køyre den so tett opp mot turlagstur som mogeleg er forståeleg og rimeleg. Om det er strengt naudsynt å køyre kjentmannsturen til dømes 9.april i staden for 10 dagar tidlegare er ei vanskeleg vurdering. Det kjem mellom anna an på veret dei dagane.

Vilkåret om å ikkje tillate kjentmannskøyring etter 1.april er sett av omsyn til villrein. Villreinstamma i Førdefjella har tidlegare nytta dalføret som traseen går i, som kalvingsområde.

Det er ein del år sidan. Siste tida har reinsflokken stått lenger nord, i området Jardalen – Søreide. Det er ikkje forventa at reinen skal trekke so langt sør som til Vona no i april, men det er slikt man aldri kan vite sikkert.

Argument FOR å tillate kjentmannstur i april:

- Politiet har godkjent det.
- Det er ikkje forventa at reinen skal trekke so langt sør no før påska 2022.
- Ønskje om å ha kjentmannstur so tett opp mot Årdal-Nes-turen er rimeleg og forståeleg.

Argument MOT å tillate kjentmannstur i april:

- Verneområdestyret har tidlegare signalisert ein streng praksis og ikkje opna for snøskuterkøyning i/ved kalvingsområde etter 1.april.
- Ein dispensasjon her vil til dels vere ei utholing av styret sitt eige vedtak frå 2020.
- Ein kjentmannstur i slutten av mars (i tråd med gjeldande løyve) vil og kunne gje mykje informasjon og kunnskap om is- og snøforhold langs traseen.
- Siste åra har vi sett fleire døme på at både DNT og samfunnet elles tek grep og justerer aktiviteten sin for å skåne villreinen sine funksjonsområde.
- Presedens.

Dette er eit spørsmål og ei sak som ikkje har noko enkelt og openbart svar. Eg finn likevel at argumenta mot å gje løyve veg noko tyngre enn argumenta for å gje løyve. Og då særleg med tanke på forvaltningspraksisen styret har lagt seg på tidlegare og den presedensen som ein dispensasjon her vil skape.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	5/22	25.03.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler for 2022

Vedtak

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fordeler dei tildelte tiltaksmidlane på følgjande måte:

Navn	Fordelt beløp
Skjøtsel på Arnestadstøylen	15 000
Skjøtsel på og rundt Sandsstøylen	50 000
Skjøtsel på og rundt Fitjestøylen	50 000
Skjøtsel på og rundt Ryssdalsstøylen	50 000
Sti til Byrkjeneset	90 000
Sti mellom Ryssdalsstøylen og Kandalsstøylen	25 000
Tilrettelegging i Botnen/Angedalen	50 000
Merking og rydding Storevatnet - Longevasshytta	40 000
Fjerning av gran	70 000
Klopplegging Kandalsstøylen - Sørsendalen	10 000
Informasjonsskilt	50 000
Skilting	
Totalt	500 000

Forvaltar får delegert mynde frå styret til eventuell omdisponering inntil 15.000. Omdisponering over det kan berre gjerast av styret.

Forvaltar skal undersøkje om det er mogeleg å få flytta informasjonsskilt og portalskilt frå Årdal i Jølster til ein meir eigna stad som til dømes Svidalsneset.

Saka vert lagt fram for styret på neste styremøte, med status på tiltak og eventuelle endringar.

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler for 2022
- Tildeling av tiltaksmidler frå Miljødirektoratet

Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre får kvart år ei tildeling med tiltaksmidler frå Miljødirektoratet. Midlane er statlege investeringsmidlar frå post 1420.31 i statsbudsjettet. Kort fortalt skal midlane nyttast til tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid, og i tråd med retningslinjer og føringar frå direktorat og departement.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sette opp ei prioritert bestilling av midlar på siste møtet i 2021. Styret søkte om totalt 710.000. Lista vart sendt til Miljødirektoratet som har gått gjennom alle tiltaka og vurdert dei opp mot postføremål og føringar. Det mest vanlege er at direktoratet vurderer kva tiltak som er innanfor og utanfor postføremålet, og at verneområdestyret får ein «pott» med midlar til fordeling blant dei tiltaka som er vurdert som innanfor postføremålet. Det er og vanleg at tildelinga er mindre enn søknaden, og at styret derfor må fordele og prioritere dei midlane dei får.

Tildeling

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har fått 500.000 i tiltaksmidler i 2021. Alle tiltaka på lista er vurdert til å vere innanfor postføremålet og kan derfor tildelast midlar.

Handsaming i møte

Styret må fordele og eventuelt prioritere dei tildelte midlane for 2022. Midlane kan fordelast mellom alle tiltaka som står på lista i søknaden. Vi har fått 500.000, men søkte om 710.000. Det betyr at vi må «spare inn» 210.000 frå kostnadsestimatet i søknaden. Det kan styret gjere ved å kutte ut tiltak i sin heilskap, redusere tildeling ut i frå kostnadsoverslag på det enkelte tiltak, eller med ein kombinasjon av desse.

I søknaden om tiltaksmidlane vart tiltaka prioritert med unik prioritering. Denne prioriteringa er eit utgangspunkt, men den kan endrast no.

Prioritet	Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag
1	Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	15 000
2	Skjøtsel Sandsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
3	Skjøtsel Fitjestøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
4	Skjøtsel Ryssdalsstøylen	Skjøtelsstiltak i tråd med utarbeida skjøtelsplan	50 000
5	Sti langs Storevatnet - klopplugging til Byrkjeneset	Gjere ferdig siste delen inn til Byrkjeneset. Noko klopplugging. Vurdere andre mindre tiltak.	100 000
6	Sti mellom Kandalstøylen/Nesstøylen og Ryssdalsstøylen	Trekloppar over myrparti på stien mellom Kandalstøylen/Nesstøylen og Ryssdalsstøylen.	25 000
7	Tilrettelegging i Botnen/Angedalen	Knyte saman eksisterande stiar og vegar i området mellom Botnen og Botnavatnet. Rydde gamle stiar og fiskeplassar langs elva.	50 000
8	Merking og rydding Byrkjeneset - Måsevasdalen - Longevasshytta	Remerking og rydding av ruta frå Byrkjeneset, via Måsevasdalen og til Longevasshytta. Særleg strekninga frå Byrkjeneset til og med Måsevasdalen treng merking og rydding.	40 000
9	Fjerning av ikkje-ynskte artar	Førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	200 000
10	Klopplugging Kandalstøylen-Sørsendalen	Behov for kloppar på nokre få stader langs dalbotnen i dalen innover mot Sørsendalen	25 000
11	Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt og/eller portalskilt i bygdesenter og innfallsportar. Kostnad 1 infoskilt om lag 50.000	100 000
12	Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov	5 000
Totalt			710 000

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	6/22	25.03.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - møteplan for 2022

Vedtak

Styremøte 2/2022 vert onsdag 18.mai.

Datoar for styremøte 3/2022 og 4/2022 vert bestemt innan kort tid, etter innspel på e-post.

Møte i Rådgjevande utval vert lagt til same dag som styremøte 3/2022.

Forvaltar undersøker moglegheita for ein studietur med fokus på forvaltningsplanarbeid.

Saksutgreiing

Det vil vere ein fordel om vi får satt møte datoar for resten av året. Det lettar planlegginga både for styret og forvaltar.

Forvaltar har gått gjennom møtekalendarane til kommunane og fylkeskommunen, og prøvd å finne dei datoane som ikkje har politiske møte. Eg tek atterhald om at eg kanskje ikkje har fått med meg alle utval.

Her er aktuelle datoar for dei enkelte møta:

Styremøte 2/2022

Måndag 16.5

Onsdag 18.5

Måndag 23.5

Tysdag 24.5

Onsdag 25.5

Fredag 27.5

Måndag 30.5

Fredag 3.6

Tysdag 7.6

Onsdag 8.6

Måndag 13.6

Tysdag 14.6

Torsdag 17.6

Styremøte 3/2022

Måndag 5.9

Onsdag 7.9

Fredag 9.9

Måndag 19.9

Fredag 23.9

Styremøte 4/2022

Måndag 7.11

Fredag 11.11

Måndag 14.11

Tysdag 15.11

Fredag 18.11

Måndag 21.11

Fredag 25.11

Måndag 28.11

Onsdag 30.11

Fredag 2.12

Måndag 5.12

Tysdag 6.12

Onsdag 7.12

Rådgjevande utval

Vi har snakka om å legge møte i rådgjevande utval saman med eit styremøte. Då sikrar vi at heile styret får møte utvalet og det er dessutan effektivt. Det går og an å gjere litt meir ut av både styre- og utvalsmøte slik, og kanskje ha eit fagleg føredrag eller tema.

Eg vil derfor føreslå at vi legg møte i rådgjevande utval saman med møtet i september. Utvalet har tidlegare uttalt at dei ønskjer å ha møta på ettermiddag og at dei vert lagt til Skei.

Synfaring

Vi bør prøve å få til ei synfaring eller tur i løpet av året. Enten i samband med ei konkret sak, eit tiltak eller for å gjere seg kjent. Med tanke på ver og føre so er det mest aktuelt med møtet i mai/juni eller det i september.

Studietur?

Då vi sende inn søknad om driftsmidlar til styret før nyttår tok vi høgde for deltaking på nasjonalparkkonferanse i Trondheim og dekking av reisekostnadar og tapt arbeidsforteneste i samband med det. No har Miljødirektoratet sagt at det ikkje vert konferanse grunna usikkerheit knytt til smitte. Men vi har likevel fått om lag det vi søkte om i driftsmidlar. Vi vil derfor ha økonomi til å ta ein studietur eller liknande med styret. På ein slik studietur vil reise, opphald, innhald og tapt arbeidsforteneste bli dekkja av driftsbudsjettet til styret.

Tema, reisemål, tid og opplegg kan vi ta ein liten diskusjon på i møtet.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	7/22	25.03.2022

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - revidering av forvaltningsplan

Vedtak

Styret skal sende ut oppstartsmelding om prosessen. Form og innhald vert godkjent av styret på e-post eller i teamsmøte etter innstilling frå forvaltar.

Oppstartsmeldinga skal annonserast tydeleg i lokalaviser og eventuell med redaksjonell omtale i lokalmedia.

Forvaltar undersøker om det er råd å få kartlagt våtmarksområde og kulturlandskap med eksterne midlar eller med hjelp frå organisasjonar.

Forvaltar og styre vil hente erfaringar frå andre område som siste åra har jobba med forvaltningsplanarbeid og Forvaltningsplan for Verneområde på Nett (FPVN).

Dokument i saka:

- Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal LVO
- Framlegg til prosjektplan for revidering av forvaltningsplanen
- Spørsmål til tidleg innspelsrunde

Bakgrunn

På siste styremøtet i 2021 gjorde verneområde vedtak om å starte prosessen med revidering av forvaltningsplanen. Her er vedtaket:

«Naustdal-Gjengedal verneområdestyre vil starte prosessen med revidering av forvaltningsplan i

2022. På første styremøte i 2022 skal verneområdeforvaltar legge fram forslag til planprosess og tidsplan.

Som ein del av dette arbeidet skal det og søkjast om planmidlar til kartlegging av våtmark og kulturlandskap (sjå sak ST 20/21).»

Det å revidere ein forvaltningsplan følgjer i prinsippet same prosess som å lage ein ny forvaltningsplan. Mykje av kunnskapsgrunnlaget er på plass i den eksisterande, og vi vil forhåpentlegvis spare ein del arbeid og tid samanlikna med ein heilt ny plan.

Dei formelle prosessane med meldingar, høyringar, medverknad og godkjenning er likevel lik som for ein ny plan og må gjennomførast i tråd med krava.

Her står litt meir om prosessen:

[Lage forvaltningsplan for et verneområde - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no/tema/forvaltningsplan-for-et-verneomrade)

Vi søkte om planmidlar frå Miljødirektoratet no i 2022, for å få betre og meir oppdatert kunnskap om våtmarker og kulturlandskap i verneområdet. Vi fekk ikkje tildelt midlar til dette arbeidet, og må derfor enten basere oss på eksisterande kunnskap og eigne ressursar til kunnskapsinnhenting. Eller vente til neste år og satse på å få planmidlar då.

Prosjektplan

Første steg var vedtaket om å gjennomføre revideringa. Neste steg er då å lage og vedta ein prosjektplan. Den skal seie noko om kva som skal gjerast, kven som skal gjere kva og kanskje viktigast ein tidsplan for arbeidet.

Vedlagt ligg eit framlegg til prosjektplan med tidsplan.

Oppstartsmelding

Med utgangspunkt i prosjektplanen skal styret utarbeide og sende ut ei oppstartsmelding. Den skal gå ut til alle grunneigarar, kommunar, brukargrupper og interesser. Det er ein omfattande jobb, særleg å få til utsending til oppunder 500 grunneigarar.

Lokal forankring og medverknad

I alle slike prosessar er det heilt avgjerande å få til lokal forankring og medverknad. Vi må få innspel og kunnskap frå lokale interesser om planen skal bli god og oppdatert. Høyringane er med å bidreg til dette, men i tillegg bør det vere referansegrupper som kjem inn og bidreg tildlegare i prosessen.

Vi kan og vurdere ei tidleg varsling og innspelsfase før den formelle oppstartsmeldinga vert sendt ut. Ved å vere aktivt ute med informasjon og be om innspel i tidleg fase kan vi få opp engasjementet blant brukarar og grunneigarar og få ut korrekt informasjon om prosessen.

Vedlagt ligg nokre spørsmål som kan sendast ut i ei tidleg innspelsrunde.

Handsaming i styremøtet

- Styret bør gå gjennom prosjektplanen, gjere eventuelle endringar og vurdere å vedta prosjektplanen dersom den er klar til det
- Styret bør seie noko om korleis ein skal sikre lokal forankring og medverknad
- Styret bør vedta å sende ut oppstartsmelding og eventuelt gje føringar om innhald og form.

ST 8/22 Eventuelt

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 25.03.2022

Ingen saker